



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 02.05.2016

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Randi Øygarden (ref). Fotballgruppa v. Anne Brennemo, håndballgruppa v. Ingvild Øverland, A-laget v. Øyvind Oland, Skigruppa v. Gunnhild Tveiten, ridegruppa v. Gunn Helga Vindfjell og friidrettsgruppa v. Inge Nilsen.

Forfall: Adle Helen Tveiten Øya og sykkelgruppa.

Sak 22/16 Gjennomgang av referat frå styremøte 04.04.2016

Referat gjennomgått og godkjent.

Sak 23/16 Evaluering av barneidrettsskulen 2015/16 der Søren Therkildsen møter på styremøte.

Pga uforutsette årsakar kunne ikkje Therkildsen møte. Det er planlagt eit møte med Arek Smich ang svømmeopplæring av borna. Det blei vedtatt at ein skal ha med ein representant frå dei forskjellige undergruppene på barneidrettsskulen. Samtidig blei det diskutert om ein skulle bytte namn på gruppa, for å understreke, at det nå også er eit tilbod for 11 og 12 åringar. Dette var det enighet om og det nye namnet er: Idrettsskulen.

Idrettsskulen startar 26.09.16.

Sak 24/16 Retningslinjer for bruk av Facebook og sosiale media

Hans Inge gjekk igjennom forslaget han har utarbeida. Stikkord: varsomhet med bildebruk, bildene skal framstille borna på ein positiv måte og gruppene skal vere nokonlunde like i utforming.

Hans Inge tek ansvaret for å ferdigstille desse retningslinjene. Han skal også lage eit standard skriv som omhandlar publisering av bilder av borna på nett. Dette er eit dokument der foreldra godkjenner/ikkje godkjenner om bilder av deira born kan leggest ut.

Det oppfordrast til auka bruk av SIL sine nettsider, her kan undergruppene legge ut diverse informasjon og vil med dette nå fleire enn bare via FB-gruppene.

Elles skal Hans Inge ha opplæring av trenarar/leiarar i undergruppene i Klubb Admin, i bruk av heimesidene og i bruk av FB-gruppene.

Sak 25/16 Kjøp av draktsett handball

Håndballgruppa har søkt om nytt draktsett, dette blei godkjent.

Sak 26/16 Treningstider på Granvin

SIL har fått inn ein søknad frå Mariline Fosse, som utdannar seg til voltigetrener, ang å få bruke idrettshallen på Granvin til voltigetrening. Ridegruppa stiller seg bak denne søknaden.

Diskuterte litt ang treningsgebyr for denne gruppa, Gunn Helga tek det opp med Mariline og det blir satt opp som ny sak på neste møte.

Sak 27/16 Innsamling av mobiltelefonar.

Hovedlaget kjem ikkje til å ta styringa på dette, men kvar undergruppe står fritt til å samle inn gamle mobilar for å tene pengar til laget sitt.

Sak 28/16 Avtaleutkast Seljord IL – Seljord kommune. Vegen til Raudkleiv

Ok, men med den endring at kommunen skal gje beskjed ved bruk av området slik at det ikkje kolliderar med evt andre arrangement.



Sak 29/16 Planlegging av ringerundar Dyrsku. Neste styremøte er måndag 30.5. Ringerundar 31.5, 2.6, 6.6, 7.6 og 8.6, alle kveldar frå kl 19 til 21

Erfaringa frå i fjor var at det var litt for mange på kvar ringekveld, ein treng kun 5-6 personar per kveld. Neste styremøte startar kl 18.00, me skal da sette opp ansvarsvaktene. Tellef sender innkalling til Dyrskugruppa.

Sak 30/16 Status årshjulet

Årshjulet blei gjennomgått, mesteparten er i rute. Skal sende ut medlemskontigent for SIL før sommaren. Friidrettsgruppa betalar ikkje medlemskontigent i år, sidan anlegget ikkje er ferdig.

Sak 31/16 Gjennomgang av Handlingsplan og rapport frå undergruppene

-Kunstgrasbane og idrettsanlegg: Møte med blant ana Sweco og Morgedal rør, alt er ok og etter planen. Elles er det bestemt at ein skal ha korkunderlag i staden for gummikuler sidan desse er skadelege for fisken i Vallaråi. Dette er ein del dyrare, men Seljord kommune er innstilt på å betale mellomlegget.

-Fotballhall på Dyrskuplassen: Dyrsku'n er positive og ser at dei også kan ha nytte av ein slik hall. Det er moglet å søke på forskjellige midlar og ein ser på forskjellige typer hallar/løysingar.

-Ungdomsfriidrettsskulen: Øyvind har satt opp plan for 2016/2017, start veke 48. Han skal sjekke mogelegheten for å få høgskulestudentar til å ta praksisplass som trenarar.

-Barneidrettsskulen: Nytt i år med tilbod også til 11 og 12 åringar. Ingvild høyrer med handballregionen om hjelp under trening.

Status undergruppene:

- Fotballgruppa: Eventyrøy er åpna og treningane er i gang. A-laget spelar for tida heimekampane sine i Flatdal. G14 og G16 i Kviteseid.

- Handballgruppa: 2 lag skal på Sommarlandcup, dei planlegg også å reise på treningsleir til Danmark i september (J12 og J14). Ingvild skal i møte med regionen ang rekruttering. Seljord kommune har i år sagt ja til å ta imot skulebesøk frå regionen.

- Skigruppa: Jobbar for å få til ei treningssamling med nabokommunane. Mulig at det blir eit kurs i skiskyting til hausten.

- Ridegruppa: Har hatt årsmøte og satt opp nytt styre. Dei har kjøpt inn nytt ridemateriell og hinder til bruk under stevne. Skal opp med eit skur til å ha dette utstyret i og planlegg eit ridestevne.

- Friidrettsgruppa: 4 medlemmar. Nokon skal på stevne på Notodden og i Haugesund. Inge skal sette opp ein oversikt over kva slags utstyr ein treng til det nye friidrettsanlegget. Elles er dei i gang med å merke løypa for motbakkeløpet, slik at folk kan begynne å trene.

- Sykkelgruppa: Er i full sving, styret er satt, dei er nå 18 medlemmar. Dei stiller på Kanalrittet. Skal ha stand når Tour of Norway kjem til Seljord. Har bedt om hovedlaget kan forhandle pris på Sterke-Nils for medlemmene av sykkelgruppa, dette blei avslått, da ein ikkje kan gjere forskjell på gruppene.

Sak 32/16 Ymse

Gunhild kom med eit forslag om tomgodsinnnsamling for å tene pengar. Dette kan dei forskjellige undergruppene sjølve organisere om dei ynskjer det.